



Det nye Mummihuset vert opna tysdag 18. juni kl. 14.30.

**Uskedal barnehage har hatt samanhengande drift i 40 år, 25 av desse i kommunal drift. Det heile tok til i 1979 med barnehage i det som no er Gamleskulen. Seinare kom den nye barnehagen lokalisert til skulen. Tysdag 18. juni vert jubileet markert med mange aktivitetar og ikkje minst opning av det nye Mummihuset og Sjørøvarskuta.**

Invitasjonen til 40 års markeringa går ut alle som på ein eller annan måte har vore eller er involvert i barnehagen,- born, foreldre, besteforeldre, bygdefolk, tidlegare tilsette, dei som var med på oppstarten, politikarar og kommunetilsette.





Skulekameratane samla i Stølavikjø. På jubileet vil dei få rose utdelt.

Markeringa tek til kl. 14 med velkomst og historisk attersyn. Straks vert det song av borna i barnehagen i dag. Opning av Mummihuset og dåp av Sjørøvarskuta er lagt til kl. 14.30. Skulekameratane vil få rose. Så vert det kake, saft og kaffi.

Samlinga er rekna å vera slutt kl. 16.

Historikken til Uskedal Barnehage kjem vi tilbake til i eige innlegg.

Tekst/nett: Kristian Bringedal

Foto: Ann Irene Sæle/ Kristian Bringedal



Kom og ver med på dåp av Sjørøvarskuta.